



PETROLEUMSTILSYNET

Equinor Energy AS
Postboks 8500 Forus

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
AU-VIG-00013

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2018/1636/TES

Dato

Samtykke gis til bruk av Vigdis subseanlegg og rørledninger utover opprinnelig levetid

Vi viser til dykkar søknad 20.12.2018 om samtykke til forlenga levetid for infrastrukturen på Vigdisfeltet.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25 fjerde ledd bokstav d, blir det gjeve samtykke til forlenga drift av Vigdis med tilhøyrande rør, stigerøyr og undervasstrukturar.

Samtykket blir blant anna gjeve på bakgrunn av dokumentasjonen som er sendt inn i forbindelse med søknaden og møter med dykk.

Behandlinga av søknaden om samtykke blir koordinert av oss, sjå rettleiinga til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden sendt til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet si tilbakemelding er ei samla vurdering for Vigdis og Tordis. Kommentaranne og vurderinga deira av søknaden går fram av vedlagde brev.

Sakshandsaminga av levetidssøknaden for Vigdis er knytt til Snorrefeltet og Snorre A som den er koplå opp mot. I tillegg er sakshandsaminga gjort i parallell med Tordisfeltet som òg har ein levetidssøknad til behandling.

Gjennom sakshandsaminga har de presentert metodikken for forlenging av levetid av innretningane. Vi registrerer gjennom sakshandsaminga at det er innretningar som er omfatta av søknaden, eller deler av innretningar, der det ikkje er gjort detaljerte analysar eller levetidsvurderingar då levetida for desse ikkje har gått ut enda, men gjer det i den perioden det er søkt for. Vi føreset at de gjer tilstrekkelege vurderingar og analysar av desse delene når det er behov for det.

Vedtaket kan klagast på etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå mottak av dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til oss. Nærmare opplysningar om klageåtgangen kan de få hjå oss.

Vedtaket skal gjerast kjend for arbeidstakarane sine tillitsvalde, deriblant verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Marius Auflem e.f.
tilsynsordinator

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: Uttale frå Miljødirektoratet

Med helsing

Kjell Marius Auflem e.f.
tilsynsordinator

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: 1